

Saksutredning:

VESTLANDSRÅDET – ORGANISERING OG ARBEIDSFORM

Trykte vedlegg:

Utrykte vedlegg:

1. INNLEIING: BAKGRUNN FOR SAKA

Denne saka (VR-sak 20/13) vart tatt opp til handsaming i Vestlandsrådets møte 160913 i Bergen/Flesland. Den vart vedtatt utsatt og at AU skulle vurdere den til møtet 031213.

Fylkesordførarane i Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal har etter at sak 20/13 «Vestlandsrådet – hva nå?» vart drøfta under Vestlandsrådet sitt møte 16.09.2013 diskutert organisering og arbeidsform for rådet.

Fylkesrådmannen ønskjer på bakgrunn av desse drøftingane å leggje fram dette saksframlegget med tilråding til framtidig organisering og arbeidsform.

Fylkesordførarane er samde om at dei fire Vestlandsfylka har mange felles mulegheiter for utvikling. Vestlandsrådet er danna ut frå erkjenninga av at fylka har felles utfordringar, og at det ligg klare vinstar i å samle kreftene for å utvikle Vestlandet og for å løyse felles utfordringar. Utgangspunktet for den gjeldande politiske plattformen for Vestlandsrådet ligg fast. I det vidare arbeidet ønskjer fylkesordførarane særleg å leggje vekt på dei fire fylkeskommunane si merksemd retta mot politiske prosessar som gjeld rammevilkåra for utvikling på Vestlandet.

2. FORNYING AV VESTLANDSRÅDET – FYLKESRÅDMANNEN SI VURDERING

Fylkesrådmannen oppfattar at det er semje mellom fylkesordførarane om at Vestlandsrådet i dag handsamar for mange «uttalesaker», det vil seie saker der Vestlandsrådet vert invitert til å meine noko om kva andre samfunnsaktørar bør gjere. Rådet handsamar såleis for få «handlingssaker», der ein klargjer kva dei fire fylkeskommunane i fellesskap bør gjere. Fylkesrådmannen rår difor Vestlandsrådet til i større grad å setje fokus på saker som dei fire fylkeskommunane saman har handlingsrom til å påverke direkte. Dette kan anten vere påverknad gjennom eigne verkemidlar eller gjennom dei arenaene og nettverka som dei fire organisasjonane deltek i.

Fylkesrådmannen ser det generelt som viktig for engasjement og involvering i debattane i Vestlandsrådet at sakene som vert lagde fram har eit høgt presisjonsnivå i forhold til kva som skal kome ut i form av faktisk handling. Tydelege

Vestlandsrådet

innstillingar som vektlegg konsekvensane av Vestlandsrådet sine vedtak er ein føresetnad. Fylkesrådmennene i dei fire fylka bør i stor grad vere aktive i saksførebuinga til Vestlandsrådet, særleg i utforminga av framlegg til vedtak. Like eins bør fylkesrådmennene ha eit klart definert oppfølgingsansvar knytt til vedtaka. Ressursbruken i dei respektive fylkesadministrasjonane knytt til saksutgreiing og førebuing må stå i samsvar med dette kravet.

Talet på representantar i Vestlandsrådet er i dag 20. Fylkesrådmannen oppfattar at det er semje mellom fylkesordførarane om at dette talet er relativt høgt med tanke på at Vestlandsrådet handsamar mange «uttalesaker» og tilsvarande færre «handlingsaker». Enkelte opplever at Vestlandsrådet ber preg av å vere eit «drøftingsråd». Fylkesordførarane meiner talet på møte i rådet bør reduserast. Fylkesrådmannen rår til at tal møte i Vestlandsrådet vert redusert frå 4 til 2–3 per år. Det vert minimum lagt opp til eitt møte på våren og eitt på hausten. Vestlandsrådet bør unngå å leggje sine møte tett opp mot sommarferien og i desember månad. Eitt av møta i Vestlandsrådet bør vere over to dagar, der dag 1 vert nytta til orienteringar innan saksområda som Vestlandsrådet arbeider med. Her er særleg viktig å få fram lokale og regionale perspektiv. Dag 2 vert sett av til saksbehandling og plenumsdebatt.

Det kan vere krevjande å utvikle seg som «vestlandspolitkar» og såleis frigjere seg noko frå rolla som fylkespolitkarar. Vestlandsrådet treng politikarar som interesserer seg for den regionale heilskapen. Eit grep for å lukkast endå betre med dette kan vere å nytte møta i Vestlandsrådet til å bli kjende med heilt konkrete utfordringar og mulegheiter som ligg i dei enkelte fylka. Fylkesrådmannen ser det som eit generelt poeng at representantane i Vestlandsrådet har kunnskap om og respekt for dei fire fylka sin eigenart. Eit døme på dette kan vere å sikre innsyn i korleis dei fire fylkeskommunane driv si verksemd innan dei ulike sektorane som fylkeskommunane har ansvar for. Dette kan igjen føre til etablering av tenlege samarbeidsprosjekt og ein tettare integrasjon mellom dei fire fylkeskommunane. Saman med fleire konsekvens- og handlingsretta saker, meiner fylkesrådmannen dette kan medverke til ei vitalisering av Vestlandsrådet og rådet sine møte. Fylkesrådmannen gjer difor framlegg om at Vestlandsrådet også for framtida består av 20 møtande representantar som i dag.

Eit meir aktivt og vitalisert arbeidsutval (AU), som består av dei fire fylkesordførarane, er eit grep dei fire fylkesordførarane har drøfta som del av fornyingsdiskusjonen. Fylkesrådmannen meiner arbeidsutvalet bør treffast hyppigare enn i dag. Eg gjer framlegg om at fylkesordførarane planlegg si samhandling med utgangspunkt i at det vert halde minst 8 AU-møte per år. Eit element for å lukkast i å få på plass desse møta kan vere at AU nyttar eksisterande arenaer og møteplassar for sine møte når dette er føremålstenleg. Leiaren for

Vestlandsrådet

Vestlandsrådet bør framleis ha ansvaret for å planlegge, organisere og leie AU-møta.

Fylkesrådmannen meiner at eit meir aktivt arbeidsutval først og fremst bør innebere at rolla som politisk «beredskapsorgan» og organ for å setje den politiske dagsorden vert styrka. Dette inneber å nytte nettverk og informasjonskanalar aktivt for å fange opp viktige politiske signal og prosessar som er av særleg interesse for eitt eller fleire av Vestlandfylka. Dette inneber også å ta initiativ til fellesmøte mellom representantar frå regjeringa og Stortinget og Vestlandsrådet. Eit meir aktivt AU kan også innebere at saker som er delegerte frå Vestlandsrådet til arbeidsutvalet kan behandlast relativt raskt.

AU vil med ei fornya rolle vere i stand til å fange opp og diskutere aktuelle politiske saker fortløpande i større grad enn i dag. Fylkesrådmannen meiner dette vil vere nødvendig dersom ein berre legg opp til 2-3 rådsmøte per år. Fylkesrådmannen meiner Vestlandsrådet vidare bør drøfte om AU bør ha ei ståande fullmakt til å slutthandsame saker som hastar og det vi kan kalle enklare og relativt kurante saker. Ei ev. slik presisering vil innebere at Vestlandsrådet gjev frå seg noko av det mynde som i utgangspunktet ligg til rådet («delegering»). Dette elementet er ikkje teke inn i tilrådinga til vedtak i denne saka.

Fylkesrådmannen meiner at eit viktig element som følgje av fornyinga også bør vere at ein i den einskilde fylkeskommune sikrar eller etablerer gode rutinar for informasjonsflyt tilbake til – og forankring i – dei respektive fylkesutval og fylkesting. Fylkesrådmannen trur at ei god forankring i eigne organisasjonar vil vere ein føresetnad for eit tydeleg politisk engasjement i dei fire fylkeskommunane knytt til Vestlandsrådet vidare.

Fylkesrådmannen meiner elles sekretariatsleiaren bør ha ressursar til å reise noko meir i dei fire vestlandfylka for å setje seg inn i aktuelle problemstillingar innanfor Vestlandsrådet sine hovudtema. Det bør også innanfor modellen som vert skissert i dette saksframlegget gjerast ei klargjering i høve arbeids- og myndefordelinga mellom sekretariatsleiaren og fylkesrådmannen som til ei kvar tid har innstillingsrett overfor Vestlandsrådet. Jf. vedtakspunkt 9.

Fylkesrådmannen oppfattar at det er semje mellom fylkesordførarane om at Vestlandsrådet i dag har ein solid posisjon som «fellesorgan». Fylkesrådmannen meiner at det bør leggjast særleg vekt på å ivareta posisjonen som eit sterkt talerøyr og påverknadsorgan på vegne av vestlandfylka overfor sentrale styresmakter.

3. HOVUDTEMA VESTLANDSRÅDET PRIORITERER Å PÅVERKE 2013–2015

Vestlandsrådet

Dei fire fylkesordførarane ønskjer å fornye Vestlandsrådet, og har i drøftingane omkring framtidig organisering og arbeidsform drøfta kva for hovudtema rådet særleg bør ha ambisjonar om å påverke. Fylkesrådmannen har på denne bakgrunn følgjande framlegg til hovudtema og saksområde som Vestlandsrådet set på den politiske dagsorden:

Samferdsle:

- Ferjefri E39 Stavanger - Trondheim: Oppfølging og vidare arbeid.
- Kostnadsutviklinga for fylkesvegferjene.
- Auka statleg satsing på ras-sikring.
- Stoppe forfallet på vegnettet og ta att vegvedlikehaldsetterslepet på viktige vegstrekningar (med særleg fokus på økonomiske rammer, felles innspel til NTP m.m.).
- Peike ut medlemer til det nasjonale ras-sikringsutvalet.

Fellesprosjekt mellom dei fire fylkeskommunane:

- Infrastruktur- og nettutvikling innanfor energisektoren.
- Grenseoverskridande billetteringssystem på Vestlandet.
- Felles autopassordningar for ferjer og bomstasjonar.
- Statlege arbeidsplassar på Vestlandet (lokalisering og Vestlandet sin relative del).
- Vekstmulegheiter, utfordringar og rammevilkår innanfor marine næringer.
- Global Centre of Excellence (GCE) for oil and gas i Stavanger.

Felles oppgåveløysing:

Fylkeskommunane nyttar Vestlandsrådet som arena for å finne fram til aktuelle fylkeskommunale ansvarsområde der ein prøver ut samarbeidsløysingar. Døme på slik samhandling kan mellom anna vere samarbeid om inntak til vidaregåande opplæring og organisering av kollektivtransporttilbodet. Dei fire fylkeskommunane har eit betydeleg politisk handlingsrom knytt til sine ansvarsområde. Gjennom eit utvida samarbeid kan ein finne fram til modellar for ei effektiv oppgåveløysing og meir samordna tenester retta mot innbyggerane på Vestlandet.

Lobby og politisk beredskap:

- Lobbyverksemd for eitt eller fleire av fylka er ei viktig, fast oppgåve for Vestlandsrådet og AU.
- Politisk beredskap som fangar opp viktige saker som gjeld eitt eller fleire fylke.

Internasjonalt arbeid:

Fylkeskommunane bør anten samle sitt arbeid for internasjonalisering og internasjonale påverknadsorgan, eller sjå bort frå dette saksfeltet.

Vestlandsrådet

Kultur:

Vestlandsrådet tonar ned det faste engasjementet innan kulturfeltet, men engasjerer seg i aktuelle saker der dei fire fylka har klare fellesinteresser (jf. beredskapsrolla). Eit døme kan her vere spørsmålet om delegering av mynde frå kulturrådet til regionalt nivå, jf. Vestlandsrådet sin uttale til «Engerutvalet».

I tillegg til desse hovudtemaa er også næringsretta FoU-arbeid eit tema som fylkesrådmannen meiner bør setjast på dagsorden gjennom Vestlandsrådet. Dette er eit «sektoroverskridande» tema som kan rette seg mot næringar som særleg synleggjer sine FoU- og kompetansebehov. Fylkesrådmannen meiner det er ein legitim strategi å opprette lokale eller regionale FoU- og utdanningstilbod der vi har sterke næringar, utan at vi dermed startar ein direkte konkurranse med t.d. NTNU eller andre etablerte utdanningstilbod.

Fylkesrådmannen meiner på bakgrunn av dette temaoversynet at det bør startast opp eit arbeid der gjeldande politiske plattform for Vestlandsrådet vert revidert, slik at rådet får på plass ei oppdatert plattform med prioriterte satsingsområde. Revidert politisk plattform for 2012-2015 bør leggjast fram for Vestlandsrådet sitt første møte i 2014. Jf. vedtakspunkt 10.

Forslag til vedtak:

- .1 Vestlandsrådet held minst 2, helst 3, møte per år. Det vert minimum lagt opp til eitt møte på våren og eitt på hausten. Vestlandsrådet unngår å leggje sine møte tett opp mot sommarferien og i desember månad.
- .2 Eitt av møta vert over to dagar, der dag 1 vert nytta til orienteringar innan saksområda som Vestlandsrådet arbeider med. Her er det særleg viktig å få fram lokale og regionale perspektiv. Dag 2 vert sett av til saksbehandling og plenumsdebatt.
- .3 Arbeidsutvalet (AU) skal ha som hovudoppgåve og setje dagsorden for Vestlandsrådet sitt arbeid, herunder fungere som eit politisk beredskapsorgan for dei fire vestlandsfylka. Dette siste inneber å nytte nettverk og informasjonskanalar aktivt for å fange opp viktige politiske signal og prosessar som er av særleg interesse for vestlandsfylka. Dette inneber også å ta initiativ til fellesmøte mellom representantar frå regjeringa/Stortinget og Vestlandsrådet.

Vestlandsrådet

- .4 Arbeidsutvalet (AU) fastset rammer og program for møta i Vestlandsrådet, og har eit særskilt ansvar for å organisere rådet sine todagarssamlingar.
- .5 Arbeidsutvalet (AU) planlegg minimum 8 møte per år. AU nyttar eksisterande arenaer og møteplassar for sine møte når dette er føremålstenleg.
- .6 Leiaren for Vestlandsrådet har ansvar for å planlegge, organisere og leie AU-møta.
- .7 Storbyane Bergen og Stavanger får tilbod om observatørstatus i Vestlandsrådet.
- .8 Det vert utarbeidd eit «årshjul» som visualiserer årlege og periodiske saker og prosessar som Vestlandsrådet og AU arbeider fram mot.
- .9 I lys av vedtakspunkta over bør samarbeidsavtalen og vedtektene for Vestlandsrådet vurderast og presiserast. Dette skjer opp mot Vestlandsrådet sitt første møte i 2014.
- .10 Gjeldande politiske plattform for 2012-2015 vert revidert og lagt fram for Vestlandsrådet sitt første møte i 2014. Jf. fylkesrådmannen si saksutgreiing.

Tore Eriksen
Fylkesrådmann

Odd Erik Hansgaard
sekretariatsleder

Dette dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen signatur.